

Ny innkjøpskomité ved Nasjonalmuseet: Før helgen ble den nye innkjøpskomiteen ved Nasjonalmuseet for kunst etablert. Komiteen ledes av Nils Messel (bildet), som er seksjonsleder samlingsforvaltning. Øvrige medlemmer er seksjonsleder for kunst Øystein Ustvedt, seksjonsleder for dokumentasjon Birgitte Sauge, førstekonservator Randi Gaustad, samt prosjektleder Karin Hellandsjø.

KK



Mediestreik truer: 2.874 medarbeidere i 84 redaksjoner er tatt ut til eventuell streik i mediebransjen fra onsdag. Innenfor avisområdet har man tatt ut omtrent samtlige konsernviser tilhørende Schibsted, Orkla og A-Pressen. NJ freder Dagsavisen, Vårt Land, Nationen og Dagen. Klassekampen er ikke medlem i Mediebedriftenes Landsforening og derfor unntatt.

KK

re talen



overvåkere i sitt arbeid med dokumentaren om følgene av

– Det var ikke lett å finne fram til ham, men jeg er glad for at det lot seg gjøre. Jeg opplevde ham som et skikkelig menneske som mener at han og de andre overvåkerne gjorde en jobb det står respekt av. Som han selv sier: «Jeg har ikke gjort noe ulovlig.»

– Hvorfor ønsker du å fortelle denne historien akkurat nå?

– Det har mye med personlig nysgjerrighet å gjøre. Jeg har litt samfunnsvitenskapelig utdanning fra universitetet og har selvsagt hørt mye om talen. Men jeg oppdaga at det har vært laget lite stoff om dette. Det ble en interessant oppgave, særlig siden engasjementet ennå er så sterkt hos de etter hvert gamle karene.

– NKP står i dag meget svakt, også i røde Fredrikstad. Hvor står en mann som Odd Ragnar Kristiansen i dag?

– Det er velkjent at han forlot partiet etter Sovjetarmens innmarsj i Afghanistan i 1979. Men han holder fast ved mange av ideene, og ser fort-

satt på seg selv som kommunist. Flere av de som står fram i dokumentaren innrømmer flere feil, for eksempel i synet på Stalin, men det er snakk om flinke folk med stor selvinnsikt. Man kan ikke bli annet enn imponert over deres standhaftighet. De har ikke akkurat blitt behandlet med silkehansker.

En sann lise

– Til slutt, Jan Birger Arentz: Hva er radiodokumentarens styrke?

– Det viktigste er nok at man som journalist har tid til å holde på med stoffet. Det er ingen tidlig deadline å kjempe mot, og man har dermed tid til å klø seg litt i huet. Dessuten har dokumentaravdelingen i NRK det beste en kan få av opptakstutstyr. Miljøet her oppe har vunnet priser og vært i verdensklasse i mange år. Arbeidet med denne dokumentaren har vært en sann lise, avslutter Arentz.

hans.petter.sjoli@klassekampen.no

Ei ny og grensesprengende form for portrettering som kombinerer bildekunst, musikk, teater og anatomi. Og meir til ...

Inn til beinet

KUNST

Teaterhuset Avant Garden
Jørgen Larsson
Norske ledd
Med: Åtte kjende utøvarar

Meldt av Amund Grimstad

Teaterhuset Avant Garden lever opp til namnet sitt ved å avslutte vårsesongen med å låne scene til noko heilt nytt, ganske uvanleg, og utroleg spennande. Jørgen Larsson har ein mangslungen bakgrunn frå klassisk piano, utdanning på Griegakademiet i Bergen og mange spennande prosjekt i minst like mange sjangrar. Nå har han avslutta masterstudium ved Kunstakademiet i Trondheim, og «Norske ledd» er eksamensarbeidet hans. Kort fortald går det ut på at han ved hjelp av eit elektronisk stetoskop greier å fange opp eit utal ulike knirkelydar frå kroppen. Her dreier det seg ikkje om magerumling, fis og rap, men knirking, gnuring og skuring frå ledda våre. Lydar det ikkje er mogeleg å høyre utan elektronisk hjelp.

Portrett

Det spennande er at lydane er særers forskjellige, og at ein kan fatte både musikalitet og rytme i dei. Slik kan ein portrettere folk på same vis som ein bildekunstnar lagar eit måleri eller ein skulptur, eller som medisinen kan lage genetiske profilar og politiet portrett via fingeravtrykk. Framsyninga, installasjonen, konserten (eller kva ein skal kalle det) er ei samling lydportrett av åtte relativt kjende norske menneske in-



LYDAR: Når lydane blir stilt ut på ei teaterscene som dette, blir prosjektet til Larsson endå meir genrevverskriddande ettersom publikum og deira kroppsspråk blir del av det visuelle uttrykket.

stallert på ein kvit vegg med hol i der ein kan stikke hovudet inn og lytte til Leif Ove Andsnes, Jo Strømgren, Arne Næss, Øystein Sunde, Kristopher Schau, Karen-Marie Ellefsen, Egil «Drillo» Olsen og Morten Krogvold. Den siste gjer det heile litt meta ettersom det er ein portrett-kunstnar som blir portrettert.

Musikalitet

Masse kroppslige knirkelydar – ja vel? Og så? Naturlege spørsmål, men ved å hoppe frå hol til hol, samanlikne, dvele og lytte, så oppfattar ein fort at her er det verkelege portrett. Frå dei litt monotone og keisame lydane frå Strømgren og Krogvold, via eit enormt register hjå Andsnes, og eit kraftfullt uttrykk frå Schau. Og i lydane frå Ellefsen og Drillo høyrer eg personleg meir musikalitet enn i dei andre.

Konsertversjonen

Det bringer meg over til det verkelege grensesprengande. For å stille ut relativt uredigerte kroppslidar kan fort bli samanlikna med å henge opp innramma fingeravtrykk av dei same personane. Og delvis med rette, men la det ligge. Larsson oppdaga raskt

musikaliteten i lydane, og ettersom han først og fremst er ein elektronisk kunstnar, har han redigert nokre av dei portretterte og laga konsertversjonar.

Til hausten kjem ein cd med 12 slike portrett. Då han presenterte Drillo på Festivalen for uetablert scenekunst for eit par veker sia, var eg overtydd om at dette berre var fragment av Drillolydar miksa med sjølvlagde elektronisk syntlyd, for det svinga verkeleg. Forbløffande høyrbart, og rytmisk så ein kunne danse til det. Men, nei; alt er lydar frå Drillo, jamvel rytmen er hans, og når Larsson litt skjelmisk seier at dette kan bli sommarens hit, truede eg først han spøkte.

Men om gnurelydane frå utslitne fotballedd ikkje blir ein landeplage, så er den litt afroamerikanske Drillolåta meir enn berre ein artig gag. Som den digitale kunstnaren Jørgen Larsson er, har han sjølv sagt eiga heimeside, leddlyd.no, der folk kan få vite og høyre meir, og der fragment av både «Godfoten» av Drillo og «Lydløse fingre» av Leif Ove Andsnes er lagt ut. «Norske ledd» blir vist i Teaterhuset Avant Garden i Trondheim heile denne veka.

Jan Inge Reilstad | SamtidslykkEN

fra Almuens Opera til Gatas Parlament



«Reilstad har utført et formidabelt detektivarbeid. (...) Denne omfattende tekstsamlingen beviser at samtidslykkEN lever og har helse.»



Fredrikstad Blad



I BOKHANDELEN! Kr 379,-

www.damm.no